

## Saksprotokoll 17.09.2020 - fylkesutvalet

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tilrådingar i samfunnsdel til kommuneplan for Ullensvang skal ha vurdering av konsekvensar for utvikling, aktivitet og busetnad i utkantane av kommunen.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Hammer sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (MDG, H, Frp).

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune meiner planforslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel for Ullensvang kommune er i samsvar med framlegg til Regional planstrategi for Vestland, og dannar eit godt grunnlag for vidare arbeid i kommunen.
2. Mål og strategiar syner retning, og tydelege arealstrategiar vil kunne styrke arbeidet med den komande arealdelen til kommuneplanen.
3. Tilrådingar i samfunnsdel til kommuneplan for Ullensvang skal ha vurdering av konsekvensar for utvikling, aktivitet og busetnad i utkantane av kommunen.